



Kristiansund kommune  
Langveien 19  
Postboks 178  
6501 KRISTIANSUND N

## Spørsmål knytt til bruk av film/bilete med mobiltelefon og spreing på sosiale media

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har frå Kristiansund kommune fått spørsmål om korleis regelverket er å forstå når personar som har ei utviklingshemming tek bilete eller film av andre med sine mobiltelefonar og legg dette ut på sosiale media. Ei anna problemstilling er når slike filmar/bilete vert sendt til mobileigar sine pårørande. Kommunen ønskjer å få belyst kva den kan gjere for regulere tenestemottakarane sin bruk av mobiltelefon ved slike høve sett opp mot den einskilde sin rett til personvern og i lys av helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Fylkesmannen har valt å svare generelt på denne problemstillinga og gjere svaret tilgjengeleg på vår heimeside slik at andre kommunar som har tilsvarande eller liknande problemstillingar kan dra nytte av tilbakemeldinga.

Når det kjem til publisering av bilete på nett, må ein halde seg til både personopplysingslova og åndsverklova, dette gjeld for alle borgarar innanfor riket. I tillegg bør den som legg ut slike bilete/filmar vurdere om det er etisk rett å publisere dei. Den rette instansen til å svare på kva som er lov og ikkje når det kjem til spreing av bileter på nett og personvern generelt er [Datatilsynet](#). Ein finn god rettleiing for mange problemstillingar på heimesida deira. Det er viktig å vere klar over at dei som opplever at andre publiserer bilete av dei utan samtykke, har full rett til å krevje bileta fjerna. I slike høve kan eventuelt <https://slettmeg.no> vere nyttig.

Fylkesmannen er rette instans kva gjeld [helse- og omsorgstenestelova kapittel 9](#). For personar med utviklingshemming som tek i mot tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2, nr. 6 bokstavane a-d, vil det difor være særskilt viktig at kommunen syt for at eigaren smarttelefonar/nettbrett får tilstrekkeleg og individuelt tilpassa opplæring i kva som er lov å ikkje lov når det kjem til bilete-/filmbruk og publisering på nett. Det er også relevant å dokumentere at dette er gjort, om ein seinare skulle stå overfor ei problemstilling der ein som siste utveg må nytte tvang.

Som bruk av tvang og makt etter reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 reknast mellom anna tiltak som personen motset seg. Før eit tvangstiltak kan settast i verk, må sjølvstilt alle vilkåra i lova vere oppfylt. Det vil mellom anna seie at førebyggjande tiltak og andre løysingar skal vere prøvd. God individuell opplæring og rettleiing i bruk av smarttelefon/nettbrett med biletefunksjon vil då vere essensielt. Alminneleg oppmoding, til dømes å oppmode mobil-/nettbretteigaren om å slette bilete/filmar av andre personar som

føler sitt personvern trua eller krenka, er etter lova tillat utan at det definerast som tvang og makt. Grensa for kva som er frivillig og kva som er press i ein slik situasjon må vurderast konkret i kvart einskilde høve. Likevel vil det vere grunn til å tru at det er snakk om ein viss type motstand om oppmodinga må gjentakast. Meir om kva som ikkje definerast som alminneleg oppmoding finnes i punkt 4.2.5.2 i Rundskriv IS-10/2015.

Vidare kan tvang og makt berre nyttast når det er naudsynt for å hindre eller avgrense vesentleg skade. Rundskriv IS-10/2015 skriv at «...*andre former for krenkelse av personalets eller andres personlige integritet vil som hovedregel utgjøre en vesentlig skade*». Dette må ein forstå slik at *om* den av-fotograferte og/eller den som er filma føler seg krenka, vil dette vere å sjå på som vesentleg skade og vilkåret vil truleg vere oppfylt. Likevel er det alltid eit krav at ein må prøve å løyse situasjonen utan bruk av tvang og makt.

Personopplysingslova gjeld ikkje for behandling av personopplysingar som den einskilde føretar for reine personlege eller andre private føremål, jf. personopplysingslova § 3. Fylkesmannen vil difor igjen understreke viktigheita med god opplæring og rettleiing i bruk av slik elektronisk utstyr. Datatilsynet har i samarbeid med Senter for IKT i utdanning laga ei eiga nettside om personvern og nettvett for barn og unge mellom 9 og 18 år. Denne finn du på [www.dubestemmer.no](http://www.dubestemmer.no). Ein vil også informere om at den einskilde arbeidsplass står fritt til å kunne lage egne retningslinjer som er tilpassa den einskilde staden, til dømes i form av «husreglar». Tilrettelegging av dagleglivet gjennom etablering av alminnelege «husreglar», vert i rundskrivet definert som tiltak som ein i utgangspunktet ikkje skal sjå på som tvang og makt etter desse reglane. Det må likevel i kvart høve gjerast konkrete og individuelle vurderingar når det kjem til eventuell motstand.

Med helsing

Christian Bjelke (e.f.)  
Fylkeslege/Direktør

Linda Rosvoldaune Moe  
Rådgivar

Juridisk rådgivar Thomas Sørflaten

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*